

Siste sjekk av sjøleidningane pågår

13.12.2010



Rør-Dykk har sjekka leidningane i dag. Her er dei på veg over Beinavikjo. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Firmaet Rør-Dykk på Hagavik i Os har hatt jobben med å leggja sjøleidningane i avløpsanlegget i Uskedalen og det har vore eitt greitt og ukomplisert prosjekt.

Det fastslår Erik Hansen, som har vore den ansvarlege for prosjektet i firmaet.



Kontrollen av leidningane skjer med miniubåt som blir styrt frå overflatebåten. (Foto: Ola Matti Mathisen)

No om dagen held dei på med ein siste sjekk av at leidningane ligg slik dei skal på botnen. Det skjer ved hjelp av ein mini-ubåt som blir styrt frå overflatefartøyet.

- Dette er ein dokumentasjon for å sikra oss mot at noko ikkje stemmer med planen, seier Hansen, som slår fast at dette har vore eit problemløst prosjekt sett frå deira sin synsstad. Det har gått etter programmet med unnatak av ein viss forseinking på landsida som skuldast uforutsette ting som har skjedd eller vorte aktuelle.

Når det gjeld sjøleidningane har dei forskjellig dimensjon:

- * 300 meter mellom Beinavikjø og Uskedalen Brygge er 125 millimeter.
- * 900 meter mellom Uskedalen Brygge og sentrum (skulen) er 110 millimeter
- * 1200 meter mellom sentrum og Eik/Steinsletten er 200 millimeter

Arbeidet med dette andre byggjesteget i avløpsanlegget starta rundt midten av april og det hadde ein kostnadsramme på 5,58 millionar kroner. Det er grunn til å tru at denne ramme ikkje held, men prosjektleiar Ivar Kåre Døssland i kommunen veit førebels ikkje kva kostnaden blir. Prosjektet har utifrå den opprinnelege kontrakta vorte betydeleg forseinka - mellom anna på grunn av at dei måtte ta omsyn til vassforsyninga i Eik/Steinsletten-området. På den andre sida vart det her gjennomført ein betydeleg opprusting av vassanlegget.

Den 22. desember skal det haldast ferdig-befaring på anlegget. Då veit ein kanskje meir om kostnaden og då er truleg også anlegget med pumpestasjonar og det heile i full funksjon. Monteringen av stasjonane har vore i gang i det siste. Det er Grundfos Pumper som har hatt denne leveransen.

Av Ola Matti Mathisen